



**Arbeidstilsynet**

VÅR DATO  
08.02.2017  
DYKKAR DATO

VÅR REFERANSE  
2017/8472 41235/2017  
DYKKAR REFERANSE

1

VÅR SAKSHANDSAMAR  
Torhild Viland tlf 908 92 015

LINDÅS KOMMUNE - Eigedomsavdelinga  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Att. Terje Fauske

## **Vedtak om samtykke og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9**

### **Gnr 188 bnr 800 - Lindås - Knarvik Barneskule - Isdalstø - Lindås kommune - nybygg barneskule fleirbrukshall**

Vi viser til søknad av 24.01.2017 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå OG Arkitekter AS.

Vi har motteke fylgjande dokumentasjon: E-post av 26.01.2017 vedlagt følgebrev frå arkitekt, «Søknad om Arbeidstilsynets samtykke», kopi av «Rammesøknad», stadfesting på medverknad frå arbeidsgjevar og tilsette sine representantar, sjekklister ventilasjon, søknad om dispensasjon frå arealkravet til lærararbeidsplasser, dokumentasjon for ivaretaking av HMS, plan- fasade- og snitteikningar.

I ettertid har vi motteke revidert sjekklister ventilasjon, følgebrev datert 07.02.2016 med revidert planteikning av grupperomma for lærare i 2. etasje.

Søknaden gjeld nybygg i to etasjar for Nye Knarvik barneskule, læringscenter, samt fleirbrukshall inkludert klatrehall. Bruksareal for bygningane er oppgitt å vere 10.724 m<sup>2</sup>.

Skulen har heis, HC-toalett i kvar etasje for dei tilsette. Tilsette ved Læringscenteret har personalgarderober i 1. etasje. Dei andre tilsette har kjønnsdelte personalgarderober i 2. etasje. Felles pauserom er tilrettelagt i 2. etasje. Det er tilrettelagt med reinhaldssentral i 1. etasje i tillegg til rom for reinhaldsutstyr i 2. etasje.

### **Vurdering**

Vi påpeika i telefonsamtale med arkitekt at vi ikkje kunne samtykke til eit areal på 4 m<sup>2</sup> pr. lærararbeidsplass i grupperomma. Vi påpeika og at luftmengda på 1 l/s pr. m<sup>2</sup> ikkje er i hht rettleiinga om klima og luftkvalitet på arbeidsplassen, når ein ikkje har dokumentert at byggemateriala har låg emisjon.

Vi har den 08.02.2017 motteke revidert teikning av 2. etasje (A20-APL-2-102 rev 07.02.2017), som viser at lærararbeidsplassar er redusert frå seks til fire arbeidsplasser i kvart grupperom. I tillegg har vi motteke revidert sjekklister for ventilasjon som syner 1,5 l/s pr. m<sup>2</sup> for udokumenterte byggematerial, jf. Rettleiinga om klima og luftkvalitet som seier minimum 1,4 l/s pr. m<sup>2</sup> eller meir.



Ut frå ein samla dokumentasjonen, inkludert oppdatert luftmengde for byggematerial og arealkrav som nå er innanfor den norm Arbeidstilsynet sin forvaltningspraksis tilseier, vurderer vi at bygget blir tilrettelagt med rammer som gir moglegheit for et fullt forsvarlig arbeidsmiljø.

### **Vedtak**

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 samtykke til planane.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er oppfylte. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lova/forskriftskrava blir overhaldne, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

### **Innbetaling av gebyr**

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynet sitt område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut frå opplysningar i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2e og fastsatt beløpet til kr 11685,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

### **De kan klage**

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å sjå saksdokumenta, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

### **Behov for meir informasjon?**

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2017/8472 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Øystein Andersen  
tilsynsleder  
(sign.)

Torhild Viland  
seniorinspektør  
(sign.)



*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:

OG ARKITEKTER  
AS

LINDÅS KOMMUNE rektor Terje Hugo  
- Knarvik barneskule Aarvik

LINDÅS KOMMUNE Hovudtillitsvald Jarle  
- Knarvik barneskule Næss

LINDÅS KOMMUNE verneombod Hilde  
- Knarvik barneskule Haugland

Postboks 24

5819 BERGEN

Felles postmottak  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Felles postmottak  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Felles postmottak  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ